

- LAGSBLAD -

Nr. 8

November 1938

21 året

«Gubbelaget».

Store ting har hendt sidan Lagsbladet kom ut sist: Dei «gamle» innan Bondeungdomslaget har skipa seg saman i eit «Gubbelag».

Om namnet er det delte meiningar. Sume meiner det svipar for mykje på *austlandsk*, andre — og venteleg dei fleste — tykkjer det minner vel mykje om langt skjegg og krokute kne. — Eitt er likevel visst: Eitt sovore lag ser ut til å vera på sin plass. Det synte i alle høve frammøte på skipingskvel-den, 21 oktober.

Ei nemnd — O. A. Vestbø, Olav Hamre og Carl Hatteland — stod føre tiltaket og hadde bede inn til samråding. Men det er visseleg alt ein offentleg løyndom at det er Bj. Våge Stangeland som klekka ut planen.

Som det vart haldi fram i innbedingsskrivet er det ofte slik at når lagsfolka kjem opp i nokre år, så sluttar dei smått i senn å gå på møta åt B.ul. Dei sit heime ein el-

ler to gonger. Før dei veit ordet har dei vori så lenge borte at det vert til eit heilt tiltak å koma seg ut att. Såleis misser dei kontakten med ungdomslaget i den alderen dei kunne vera til mest stønad for laget sitt. Sovore er ille! Her kan «Gubbelaget» gjera store ting som samanbindingsled, og det på ein måte som høver «menn i sin beste alder».

Ein møttest på Kaffistova i Østervåg. Carl Hatteland baud velkomen og nemnde i få ord at dette nye serlaget inga andre føreloger hadde enn den eine å samla eldre, mannlege lagsfolk til hyggeleg samvere 3-4 gonger om året. At idéen ikkje var så reint av laget, bar frammøtet vitnemål om, sa han. Og det var bå' visst og sant! Det var fleire av dei «yngre» som undra seg over at denne og hin var lagsmann i B.ul.

Nemnda hadde nok tenkt heilt rett at skulle det vera fest, så *skulle* det vera fest au! Og to-tre minuttar etter den fastsette tida

(damer har ikkje tilgjenge i Gubbelaget) gjekk 28 av 30 «bédne» til åtak på rjomegrauten. — Etter på gjekk drøs og skjemt fullstendig opp i røyk, og kaffien sette toppen på alt. Det var ei velsigna stund for matglade sjeler! —

Så drøfte ein lover og namnet åt det nye laget. Vilkår for medlemskap i Gubbelaget vart etter stort ordskifte sett slik: *Anten 40 år på nakken og eit år som lagsmann i B.ul. eller 15 års medlemskap i B.ul. utan omsyn til alder.*

Den siste lekken i dette vilkåret er vel det visaste då. — For «Gubbelaget» er vel i røynda meir tenkt som eit serlag for *veteranar* i B.ul. enn det er meint som ei samling *gubbar*. Og då er det heilt rett at det vert *røynsla* i ungdomsarbeidet som kvalifiserer, og ikkje ein viss alder. Sjelvsagt kan bae ting vera godt å taka med. Som er gjort og.

Det var ulike syn om mange ting. Som ventande er i eit livsført lag. — Men om sjølve *tiltaket* var det berre ei meining: «Gubbelaget» hadde ein veldug misjon!!

Som nemnt trur me at ein sovoren «fristad», der mannfolka kan møtast 3-4 vender i året, er på sin plass. På det grunnlaget ynskjer me det nye serlaget til lukke! Lat det no berre merkast på torsdagsmøta at «gubbane» finn attende til det hovudlaget som har gjevi dei høve til alt dette gilde i «alderdomen». — — —

Ros og Ris.

Sundag den 30 oktober hadde spellaget fyrste-framsyning på nytt stykke i denne spelbolken. Stykket er skrivi av Torvald Tu, og heiter «Norsk Amerikansk».

Dei som spelar er:

Ein småbonde.....Einar Molaug
Kona hans.....Ragnhild Århus
Sonen deira.....K. Kristiansen
Ein storbonde.....Otto Hiim
Dotter hans....Margit Hatleskog
Ei enkje.....Marie Joachimsen
Sonen hennar.....Harald Takle
L o t t e.....Gurine Molaug

Hendinga går for seg på Jæren, truleg i våre dagar. Det vert nemnt namn som Storhaug, Braut, Riskjel, Kleppekrossen, Frøilandsvatnet, og det gjer sitt til at me kjenner oss heime i stykket straks. Sonen åt småbonden har vori i Amerika ei tid, og då han kjem att kan han ikkje minnst morsmålet sitt. Endelykta vert eit samansurium av norske og engelske ord og vendingar, som i *Kristiansen* sin munn verka heilt ekte og tilforlateleg. Han bløffar alle med å fortelja kor storslegt alle ting er over there, og let folk tru at han er umåteleg rik vorten. Mora, *Ragnhild Århus*, er straks fyr og flamme og opp i under over denne storkaren, som er sonen hennar. Men faren, *Einar Molaug*, har sine eigne meiningar om sonen og skrøytet hans, men teier i lengste laget. Molaug har

her laga ein ypparleg maske, og han spela småbonden så uendeleg ekte, at det var ein fest å sjå han. Så lun og koseleg, så evig nøgd med denne jordens gods og gull som var blitt etla han, og full av skjemt kvar gong han snakka til den «sure» kona si. Frk. Århus var ein dugande motspelar.

Storbonden på Storhaug var i gode hender hjå *Otto Hiim*, han tok seg helst vel drusteleg ut til jærbonde å vera, og dotter hans, *Margit Hatleskog* var ljøs og ven og vakker, ja nett slik som amerikanaren sa, «sola på Storhaug». Ei svært sympatisk enkje var *Marie Joachimsen*, så me skjøna Hiim berre så altfor godt då han endeleg tok til vitet og fridde til sin ungdoms elskede, same dagen som borna deira hadde «ringa» seg utan at foreldra visste noko om det. *Harald Takle* var ein traust nybrottsmann som sette seg sine mål i livet, og gjekk inn for å nå fram til deim med ein vilje av stål. Han svinga slegga over mineborren så det var hugnad å sjå, det var nok ikkje fyrste steinen Takle gav seg i kast med det, nei.

Den humoristiske rolla i stykket er ei noko godtruen gjenta, ikkje så alt for mykje for seg, som heiter Lotte. Ho hadde synbert berre eit einaste ynskje her på jorda, og det var å verta gift, same kven det så var med. Med dette for auga var ho stendig på farten, og det skilde

ikkje mykje på at ho hadde fenge sjølvaste amerikanaren på kroken, trudde ho sjølv då. Lotte vart spela av *Gurine Molaug*, og det var heilt fabelaktig det ho fekk ut av rolla. Folk klappa vilt kvar einaste gong ho hadde vore framme på telet, og me veit at i B.ul. klappar ikkje folk i utrengsmål.

Me skal ikkje fortelja noko meir om innhaldet i stykket, men det er nøgda av morosame og festlege replikkar gjennom alle tri aktene, så folk sit og kosar seg heilt umedvite frå fyrst til sist.

Me vil gjerne og få sagt at klebunadane var heilt framifrå fine denne gongen. Alle var dei kledde etter sin stand og stilling. Lotte sitt kostyme stod reint i ei klasse for seg sjølv. Dette visste ho nok om, for ho spurde amerikanaren om han ikkje tykte ho var ven, «jakken var frå ifjor, men hatten var ny iår», sa ho. Hattenål hadde ho og kosta på seg.

Kulissane var og noko nytt. Dei synte oss lynchheiane og all steinen utetter Jæren, og det var sværande gildt med omskifte her. *Edvardsen Selvik* fortener all ros for arbeidet sitt.

Ei verkeleg feststund var det i B.ul. på denne premieren. Salen var heilt fullsett då klokka var 8 og stykket skulde taka til. Føreåt fekk me musikk av ein trio, seinare spela hr. *Homme* i kvar mellomakt på dragspelet sitt. Han spela

mange vakre nummer og vart vel fagna.

Då teppet gjekk føre for siste akt var klokka vorten $\frac{1}{2}11$, så me tykkjer verkeleg det er i rimelegaste laget når me kan få ein slik kveld for berre 1 krona. Det kan då ikkje vera for mykje om spelaget tek kinopris, kr. 1,25, når dei har fyrste-framsyning på eit stykke. Me er visse om at huset vil bli like fullt for det. Ingen ser på 25 øyre når dei fyrst har hug til å gå på ein spelkveld i laget.

Så var det «riset» då. Det er den same leksa som vert toggen oppatt kvar gong eit nytt stykke går over telet. Det fyrste bud for ein spelar må vera dette: *å læra leksi si!* Det kan ikkje bortforklårast at kor godt eit stykke vert spela, så ville det ha vorti så mykje betre dersom spelarane ikkje hadde komi utav det nokon gong. Det hender vel saktens at fagfolk og kan gløyma

seg bort stundom, men den slags folk har rutinen til å greia seg ut or ei slik stoda utan å verta ståande i beit for ord. Det er det dessverre ikkje alle amatørar som kan, kor dugande dei elles er på telet. Me tykkjer det lyt vera nok når folket på dei ti fyrste benkene i salen kan høyra kva sufløren seier, om dei ikkje attåt skal ljota sjå på at spelarane dett ut or rolla si og står og nidglor ned i suflørkassa. Slikt kan øydeleggja mykje meir enn godt spel veg opp. *Øyro* lyt ein ha lov til å ha retta mot «kassa», ikkje for nokon pris, *augo!*

Tilslutt vil me ynskja spellaget lukke til med den nye sigeren, og lykta med å fortelja kva me høyrde med same ljuset vart sett på i salen og alt folket skulle gå: «Det va' eit voldsomt jildt stykkje, herte' ska' me sakta gå flerne gonger.»

T. H.

Saklista for november:

- 3 november: Jæren i tonar. Theodor Dahl fortel, Borghild Dahl syng. Tonefylgje av Olaf Paulus.
- 10 november: Målringen.
- 17 november: Frk. Ingebjørg Sletten fortel frå Sør-Tirol. Ljosbilete. Musikk av Eyvinn Thu.
- 24 november: Idrottsmøte. Foredrag av dr. Johan Riis.
- 20 november: Festmøte. Songarlaget, Leikarringen, Musikklaget, Spellaget. Bondeguten ved Kari Meland.

Utgeve av Bondeungdomslaget, Stavanger. Bladstyarar Johs. Hatteland.

Aktietrykkeriet i Stavanger 1938.



SOMA
ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!
Største utvalg

Frukt
Tobakk
Cigarar

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjolesøm

utføres

Nelly Husebø

Telefon 4232

Økonoms gård
Klubgaten 4

Kjøp BØKER
OG
PAPIR

i NYGATEN 2
øverste hjørnehus

K. OPSANGER

BOKHANDL — PAPIRFORRETNING

ANDVAKE Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

Umbodsmenn i Stavanger:

lærer Magnus Vaage, Wesselsgt. 32
skuleinspektør Øystein Eskeland
frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalsgt. 12
kontormann L. Torgersen, Kampensgt. 4
gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76
forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra mod ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.

Matstova

Øvre Holmegt. 20

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Østervåg 25

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Torget 6

Mostun

ved Mosvatnet

Bondeungdomslaget.

Lagsfolk!

Hjå meg finn De eit flott
utval i

Ull-kjolety

til gamle prisar.

EINAR NORDAKER A/S
SØREGATA 9

Stavanger Colonialforretning

har byens beste
brendte kaffe

VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)


Musegaten 46 — Telefon 1810 f

Utsalg:

Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/S
Klostergården - Telef. 2645

Elektrisk Forretning
Radioapparater



Engelsmindegaten 15 - Telefon 311
Lars Bø

E l e k t r i s k
installasjonsforretning


Ingi gáva

pryder

som blommar frå

Blomsterhallen

Belysningskunst




Cicelør - Verkstad Heilandsgt. 45

Lagsfolk!

Kjøp dykkar frukt,
sjokolade, confekt,
tobakk, sigarar og
sigarettar hjå

Pedersgt.s Frukthforretning A/S
Pedersgata 39

Varene vert sende heim
Ring telefon 4547k



**Dürkopp
og
Svithun**

Rimelige avbetalingsvilkår

MASKINHUSET A/S
BREDGT. 9

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislager.

Landets beste fabrikker

Yderst lave priser

Best - billigst.

En detail- en gros

O. THORSNÆS



STAVANGER

KIRKEGATEN 42

TELEFON 3690

A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458

Rikstelefon 3020 - 3089

*Byens største Kjøtt-
og Pølseforretning*

Etablert 1828

Parafin
hengelampor

Elektriske
ljosekronor

J. ØSTEBØ

STAVANGER

Verksgt. 2 - Telefon 1873

Steinty

Postelin

Glasvaror

En gros - En detail

ALT I

HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn

Tvinngarn

Glitregarn

Gretegarn

Norgesgarn

Plantef. garn

Slumregarn

ROGALAND/ULLVARELAG
BREDGATA 16

BREDGATA 16

Ingeleiv Eikeland

Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor

Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS ● SELTERS ● FARRIS

SØT OG SUR SAFT ● EPLESAFT

VYRTERØL ● IDUN EDDIK OG SENEP

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228





**Garantien for
god margarin!**



A/S MARGARINCENTRALEN